



Møteprotokoll

Utval: Formannskap
Møtestad: Møterommet
Dato: 29.10.2025
Tid: Kl. 09:00 - 12:30
Saksnr.: 068/25 – 072/25

Faste representantar som møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Øystein Olai Espeland	H
Gunn Åmdal Mongstad	SP
Sara Tunestveit	SP

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
John Sigfred Hugøy	SP	Øyvind Losnegard	SP

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 29. oktober 2025
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt.
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Øystein Olai Espeland og Andreas Færøy Gåsvær vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	<i>Kommunedirektør orienterar om:</i> Kaihus på Krakhella skal få nytt tak. Klubben er asfaltert med unntak av svingen som skal utbetrast. Det skal opp autovern til våren. Det vert prioritert å salte i Klubben. Barneskulen utbetring av fasade og nye glas.

	Badeanlegget i hamna. Det er Solundfest som eig det. Solund kommune skal bidra å ta det opp, spyle og lagre. <i>Ordførar orienterar om:</i> Utval for samfedel og mobilitet i Vestland fylkeskommune har vedteke at fylkeskommunen skal etablere dialog med Solund kommune om forlenging av tileggskai.
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
068/25	Godkjenning av møteprotokoll
069/25	Vedtak om høyring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038
070/25	Høyring og offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru
071/25	Utvikling av Søre-Mortevika som næringsareal
072/25	Oppstart budsjett 2026

Underskrifter:

068/25: Godkjenning av møteprotokoll

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap sine møteprotokollar frå 11. september 2025, 29. september 2025 og 2. oktober 2025 vert godkjent.

Handsaming i Formannskap 29.10.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 068/25 VEDTAK:

Solund formannskap sine møteprotokollar frå 11. september 2025, 29. september 2025 og 2. oktober 2025 vert godkjent.

069/25: Vedtak om høyring på Solund kommune sin samfunnsdel 2026 - 2038

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-4 vedtek Solund kommunestyre å legge utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026-2038 på høyring.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Arbeidet med handlingsplanen vert slått saman med økonomiplanprosessen i tråd med det som er beskrive i saka.

Handsaming i Formannskap 29.10.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 069/25 VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-4 vedtek Solund kommunestyre å legge utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Solund kommune 2026-2038 på høyring.

Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Arbeidet med handlingsplanen vert slått saman med økonomiplanprosessen i tråd med det som er beskrive i saka.

070/25: Høyring og offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-10.

Handsaming i Formannskap 29.10.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 070/25 VEDTAK:

Reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-10.

071/25: Utvikling av Søre-Mortevika som næringsareal

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av føreslått tiltak. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

Handsaming i Formannskap 29.10.2025:

Felles framlegg til vedtak:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av nordre del av Søre Mortevika der ein ser på å etablere ei om lag 40 m lang kai, på linje med eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 071/25 VEDTAK:

Kommunestyret bevilgar ei ramme på 150 000,- eks mva til prosjektering og utvikling av nordre del av Søre Mortevika der ein ser på å etablere ei om lag 40 m lang kai, på linje med

eksisterande etablert kaianlegg, samt utfylling i sjø av overskotsmassar. Midlane vert henta frå prosjekt 2882 Utvikling næringsareal.

072/25: Oppstart budsjett 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund formannskap ber kommunedirektøren arbeide vidare med budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 med utgangspunkt i vedteke økonomiplan.

Nedtrekk i statsbudsjettet som skuldast høge havbruksinntekter kan kompensast gjennom bruk av havbruksinntekter, men nedtrekk som skuldast demografi må innarbeidast i løpet av økonomiplanperioden.

Handsaming i Formannskap 29.10.2025:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 072/25 VEDTAK:

Solund formannskap ber kommunedirektøren arbeide vidare med budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029 med utgangspunkt i vedteke økonomiplan.

Nedtrekk i statsbudsjettet som skuldast høge havbruksinntekter kan kompensast gjennom bruk av havbruksinntekter, men nedtrekk som skuldast demografi må innarbeidast i løpet av økonomiplanperioden.